



Harald Dag Jølle skriv om turar, utstyr og turbøker for Dag og Tid.

# FRILUFTSLIV

## Isdalen

### TUREN

**Bergsfjord.** Det er ikkje så lett å kome hit, men kjem du hit, gløymer du det neppe. Det er forresten ikkje så vanskeleg heller. Det går ferje frå Øksfjord. Hugs berre å ta med kajakk, ski og breutstyr. Langfjorden i Loppa går nord-sør. Ytst ligg Sør-Tverrfjord og Bergsfjord, inst Langfjordhamn. Men det er ikkje desse små tettstadene som trekkjer merksemda når du padlar innover den veglause fjorden. Du er i Finnmark, men mellom desse stupbratte fjella er det lite som minner om akkurat det. Vatnet er grått og kaldt, for her drenerer både Øksfjordjøkelen og Langfjordjøkelen.

**Isdalen.** Du treng ikkje å vere språkforskar for å forstå kva namnet kjem av. To armar av Øksfjordjøkelen peikar eit godt stykke ned mot ein sjeldan frodig dal til å vere på desse breiddegrader. Vi går gjennom gamal ut-

mark, tungt lasta og blikket festa høgt. Breen har trekt seg litt tilbake, her også. Men det er mykje is att, nok til ein lang skitur ein varm augustdag. Eller augustnatt er rettare å seie i vårt tilfelle. Slikt spelar mindre rolle i denne landsdelen, på denne årstida.

Brefallet, skituren og toppen av Finnmark, 1200 meter over Lopphavet, det er mykje å skrive om. Men Isdalen set djupast spor. Det grønne mot det kvite. Det milde mot det rå. Det fagre mot det vene. Nede i fjøra att kjenner du ein snev av pionerånd. Sjølv sagt berre tull, mange har vore her før. Likevel, dette er spesielt, tenkjer du, når du stirer inn i leirbålet, stappmett på nyplukka blåskjel.

**HARALD DAG JØLLE**

Harald Dag Jølle er historikar ved Norsk Polarinstittutt og forfattar.



Isdalen under Øksfjordjøkelen i Finnmark. Foto: Vegard Ulvang

## Ekspedisjonsindustrien Nordpolen

### LITTERATUREN

Aleksander Gamme: *Ekspedisjonsboka. En guide til høye fjell og lange skiturer.* Larsforlaget 2011, 335 s.

Kva er ein ekspedisjon? spør Alexander Gamme. Dette er boka for deg med draumar, lovar reklamen. Du som planlegg eller diggar å dra på lange turar. Boka fortel deg korleis du pakkar sekker og ordnar barnevakt. Korleis du skaffar visum og unngår gnagsår. Får du lyst «å fange drømmen» etter å ha lese Gamme? Kanskje. Kjenner du deg tryggare på kva du skal velje? Truleg. Forstår du meir av korleis ekspedisjonsindustrien der ute fungerer? Definitivt.

HDJ



### REKORDEN

Kven var den første nordmannen på Nordpolen? Nansen kom aldri lenger enn 86 grader 14 minutt. Amundsen flaug over i 1926, men landa ikkje. Bjørn Staib måtte snu i 1964. Så vinnaren er: Ragnar Thorseth. 29. april 1982 nådde han saman med tre andre polpunktet, etter åtte veker i isen. Dei hadde brukt tre snøskuterar og fått flyforsyningar undervegs, men blei altså dei første nordmennene til å setje sine bein på Nordpolen. Thorseth var berre sann passe nøgd:

«Eg har i grunnen berre éin positiv ting å seie om Nordpolen: Alle vindar blæs frå sør.»

HDJ



Thorseth-ekspedisjonen: (f.v.) Trygve Berge, Eldar Fortun og Ragnar Thorseth.

Foto: Henrik Laurvik / NTB scanpix



1888-89 ekspedisjonen til Grønland, f.v. Ole Ravna, Otto Svendsen, Christian Dietrichson og Samuel J. Balto.

## Samuel Johan Balto

### BIOGRAFIEN

I Central Park står ein statue av «Balto», den legendariske polarhunden som frakta medisiner til difterisjuke folk i Nome i 1925. «Balto» var oppkalla etter ein annan helt, tommerhoggar Samuel Johan Balto (1861–1921) frå Karasjøk, som kryssa Grønland saman med Fridtjof Nansen i 1888.

Nansen hadde lært av den finlandssvenske oppdagaren A. E. Nordenskiöld at samar var nyttige på slike ferder. Balto skal ha takka ja i fylla, og ekspedisjonen hadde knapt starta før han lova å ikkje røre brennevin om han nokon gong kom heim i live. Nansen var vonbroten over dei to

### SITATET



«Skulle jeg gjøre dem om igjen nu, så ble det for å rive vardene ned, så de ikke lenger står der og roper 'bæ' til forventningsfulle nestemenn.»

Peter Wessel Zapffe om sine mange førstebestigningar av fjell i Troms